

Informasjon

HYRDINGRØYSTA

NR. 3/2021

OKTOBER

Grunnlagt 1938

82. årgang



Ha ein fin haust

Frå redaksjonen

Ein fantastisk sommar er over og vi går inn i ei mørkare og truleg også ei våtare årstid enn den vi nett har lagt bak oss.

Denne sommaren har vore rekordtørr, noko som resulterte i brun skog og brune fjellbeite allereie i august. Mange opplevde tørkeskade på grasavlingane og det vart rekordtidleg slått somme stader i bygda. Men for dei som ikkje treng å bekymre seg for avlinga, så var dette ein draumesommar, med sol og varme veke etter veke.

Pandemien som har lege som ei klam hand over samfunnet er i ferd med å sleppe taket og samfunnet har gjennom sommaren gradvis opna opp att. Dette medfører at sosial kontakt, til dømes gjennom kulturrangement, og kyrkja sine aktivitetar, er i ferd med å normalisere seg. Vaksineringa er også kommen langt så det er all grunn til å håpe og tru at vi ser i alle fall byrjinga på slutten av noko som har vore problematisk for mange.

Akkurat dette med pandemien og konsekvensane er også i denne utgåva tema for gjesteskribenten som denne gongen er Terje Lyngstad. Han set eit visst skråblikk på det som kanskje, i alle fall i media, har vore skrudd opp når det gjeld følgjene for dei enkelte.

Men 25. september opna landet opp att og det meste er tilbake til normalen. For kyrkja sin del betyr det at det ikkje lenger er restriksjonar på kor mange som kan delta på gudstenester, i gravferder og på konsertar eller andre arrangement i kyrkjene våre.

Konfirmasjonane som vart utsette i vår, er no avvikla. 50-årskonfirmantar har vore samla til mimring og hyggeleg gjensyn, noko vi sjølvsagt har fått med oss i Hyrdingrøysta. I dette bladet har vi også ein liten presentasjon av ein ung og ny klokkar i Ålhus sokn. Det er både imponerende og

flott at unge menneske tek på seg slike oppgaver.

Vi har også ein prat med ein hobbypoet som skriv dikt om kvardagslege ting og som framfører dei i kyrkja på Vassenden i samband med tidebøna tysdagane.

Når vi no så smått nærmar oss slutten på det andre pandemiåret, så kan det vere på sin plass med litt ettertanke. For det første skal vi prise oss lukkelege som har eitt av verdas beste helsevesen. Det gjorde til, i tillegg til fornuftige grep frå styresmaktene, at vi fekk svært låge dødstal under pandemien. Faktisk mykje mindre enn i ein vanlig influensaseson. Vi skal sjølvsagt også vere takksame for at landet vårt har ein solid økonomi som gjorde det mogeleg å støtte den delen av næringslivet som fekk problem.

Så spørst det om vi har lært noko av pandemien? og det er det grunn til å tru at dei fleste har. Svært mange har truleg funne ut at det faktisk går an å feriere her til lands, like godt som i sørlegare strok. Mange har også funne ut at det ikkje er naudsynt å reise til Oslo for å vere med på eit møte. Kyrkja har gått nye vegar når det gjeld gudstenester og «drop in gudsteneste» er blitt eit nytt omgrep.

Alt i alt så er det grunn til å tru at folk og land har komme styrka ut av pandemien og at mangt blir sett på med nye blikk. Vedtekne sanningar står for fall og til med den gamle og trauste Kyrkja har funne nye og spenstige løysingar i ei uvanleg tid. Det lovar godt for framtida.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15

Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:
Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Fungerande sokneprest

Reidar Knapstad

☎ 975 68 220?

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Inger Hageberg Øvrebo

☎ 416 94 472

inger.ovrebo@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herlosund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

☎ 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085



Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fylldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

Haust

Hausten er komen med kaldare drag i lufta. Vi som bur her på Vestlandet kan i år sjå tilbake på ein fin og mest endelaus sommar med sol og varme. Sommaren gjorde godt for mange og fleire har fått nytte, ikkje berre det gode veret, men og hauste av grøda i naturen.


Vi er heldige som kan gå i skog og mark for å finne molter, blåbær og tyttebær eller plukke bær, plommer og eple frå hagen. Og så luktar det godt på kjøkenet når safting og sylting er i gang. Nokre opplever det som ei lette at vi ikkje kunne reise langt i sommar, men hadde tid til å halde oss i ro heime og dyrke grønnsaker. Hausten er tida for å sanke og hauste inn av det jorda ber til mat på bordet, til glede og rekreasjon. Ja, hausten er ei fin tid.

Men hausten ber og bod om noko anna. Dagane blir kortare og fleire kjem seg ikkje så lett ut når det går mot vinter og kulde. Sommaren gjekk så fort og vinteren er lang! Årstidene skiftar og slik er og vår gang gjennom livet. Barnet er i leik og læring, unge er saman med venner, dei er streke og mest

ingen ting kan stoppe dei. Så følgjer travle år med arbeid og kanskje ansvar for barn som veks opp. Alt går i ein fart. Vi kjem midtlivs og har opplevd det meste. Så blir det haust. Kor vart det av livet, alle dagane og åra? Det for som ein vind. Men gleda over livet og alt som blir gitt oss, kan vere like sterk i alderdomen.

Kven skal vi takke for livet og alt som blir gitt oss? Han som skreiv Jakobs brev er ikkje i tvil: *«All god gåve og all fullkommen gåve kjem ovanfrå, frå han som er Far til lysa på himmelen. Hos han er det ikkje forandring eller skiftande skuggar»* (Jakobs brev 1,17). På folkemunne har dette blitt til eit munnhell: «Alt godt kjem ovanfrå». Ja, vi kan gie vår takk til han som har skapt oss og berga oss frå å bli borte og gløymde. Hausten minner oss og om at vi sjølve skal bli hausta inn som det fremste og kjæraste av alle Guds skapningar:

«Av sin eigen vilje har han fødd oss ved det sanne ordet, så vi skal vere ei førstegrøde av hans skapningar» (Jak 1, 18).



Tekst: Fungierende sokneprest REIDAR KNPSTAD

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Björg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem i oktober.



GJESTESKRIBENTEN:

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skrivekløe og for dei som brenn for noko. I denne spalta

vil vi oppfordre jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmøde skribentar om å melde

seg, vil vi også utfordre nokre vi trur kan vere med på å gje liv til denne spalta. Denne gongen er det TERJE LYNGSTAD som gjer seg tankar om pandemien.

Brått blei det stille

Eg må innrømme at eg til slutt er blitt koronatroytt, eg òg. Eg er så utruleg troytt av alle oss som er så troytte av korona, alle vi som klagar og syt for den minste ting vi har måtta tole, desse trass alt få månadene pandemien har vart.

Tekst og foto: TERJE LYNGSTAD



Terje Lyngstad skriv om følgjene av pandemien.

Det heile minner om diktet «Republikanerne» av Johan Sebastian Welhaven. Året er 1832, vi er i ein ydmyg liden Kaffee i Paris, det er midnatt og ved eitt av borda sit det ein einsleg gjest.

*Hans Ansigt er falmet, hans Dragt er grov,
hans Linned er reent,
og hans Hænder er smukke
han støtter sit Hoved, som om han sov —
der er saa tyst; man kan høre bam sukke.*

Snart kjem det ein feststemt gjeng inn døra, med *Bulder og Gny*. Dei er revolusjonære idealistar som trur at dei eig verda, om lag

Vi har måtta tole å vere åleine eller i lag med nokre få andre menneske i vekevis, personar som vi til og med gjerne er i familie med. Det burde eigentleg vore noko vi skulle ha sett skikkeleg pris på, så lite som mange av oss såg til kvarandre før denne syggedomen braut laus.

Nei, stakkars oss! Vi har tolt ikkje å reise på hytta. Sjølv vi som ikkje har hytte har måtta tole det, og vi har tolt å halde oss heime frå utlandet, ein aktivitet vi vanlegvis meistra fint då vi ikkje hadde korona på vitjing. Vi har dessutan funne oss i ikkje å springe løp med startnummer på brystet, noko vi nærast burde ha teke i mot som ei gåve ovanfrå. Folk i dårleg form burde i alle fall ha jubla for ei slik utvikling på løpsfronten.

Vi har måtta tole å sitje i møte framfor ein skjerm. Hjelpe og trøyste kor forferdeleg! Akkurat møte var jo så fantastisk festleg for pandemien òg, då vi fekk lov til å sitje halve dagen i bil før vi kom fram til møta,

som ofte fann stad i rom med dårlege stolar og elendig ventilasjon. Måtte verdslege og åndelege makter sjå i nåde til oss alle, som dette vesle sekundet på jorda, i lukkelandet Noreg, har måtta tole så inderleg vel, den urett som stort sett berre har ramma oss sjølve.

Men ingen situasjon er utan unntak. Det er verkeleg synd på dei som ikkje har fått den kvaliteten på utdanninga som dei har krav på. Dei aller fleste av dei er unge menneske. Det er oppriktig synd på alle dei som ikkje er i arbeid på grunn av viruset, og situasjonen er meir enn trasig for dei som frå før var einsame, og som no har fått det endå verre. Det er ikkje dei sårbare gruppene eg er koronatroytt av. Dei fortener all den merksemda og alle dei tiltaka dei kan få. Det er heller ikkje dei som har mest å klage på, som klagar. Dei uhoyrde røystene er framleis like stille, no som før, medan dei med høgast stemme og mest ressursar har fått endå meir taletid.



slik desse sutrekoppene som var redde for at svenskehandelen skulle ryke, slik at dei var nøydde til å kjøpe bacon og øl til dobbel pris her heime i gamlelandet.

Ein av dei revolusjonære spring opp på bordet og byrjar å snakke om krigen og slaget ved Ostrolęka i Polen. Han talar godt, flokken jublar og dei bestiller champagne. Snart oppdagar klikken den einslege karen. Dei ber han om å drikke med dei, man han takkar nei.

*Jeg drikker ei Vin, om stærk eller mild;
dens Sødme er vammel, jeg hader dens Ild.*

*Jeg sidder med Gru paa mit Livs Ruin.
Mit Bæger er tomt; jeg drikker ei Vin.*

Avslaget blir teke som ei stor fornærming, og mannen blir skjelt ut etter notar. Då reiser han seg og fortel at han er soldat. Han deltok faktisk i slaget som ungdomane nettopp har snakka om i jublande ordelag. Soldaten opnar snart skjorta, og dei får sjå eit bryst fullt av arr.

*Han viste sit Bryst
— hvor det var skrammet,
af streifende Kugler,
af Klinger rammet!*

På kort tid fortel soldaten, heilt utan fakter, kva krig verkeleg er, at det er død og forderving og ingenting anna. Den kjende og ofte siterte avslutningsstrofa fortel det meste om den skamma desse røyndomsferne latsabbane ender opp med å kjenne:

*De saa paa hverandre.
Han vandred sin Vei.
De havde Champagne,
men rørte den ei.*

Så kjære alle oss som er så trøyte og leie av korona av totalt meningslause årsaker: Det finst dei som har det verre. Mykje verre!



Heile gjengen samla på fjellet mellom Årdalen og Ålbus.

Ekte pilegrimar på vandring i Jølster

«No er vi ekte pilegrimer som er heilt i kontakt med naturen. Og vi kan kjenne på solidaritet med alle fattige som ikkje har sko.» Slik uttrykte dei seg, nokre av konfirmanntane som fekk store gnagsår allereie dei første bakkane opp frå Årdalen. Men tross smerte var det ikkje snakk om å snu.

Tekst: SILJE SØREBØ Foto: TORJE BJELLAAS

I staden var dei fleire som tok av seg sko og vandra berrføta over fjellet heilt ned til Ålhus under den årelege pilegrimsvandringa for konfirmanntane som vart gjennomført 13. august. Dei som hadde lyst tok turen heilt opp til toppen av Hegrenesnipa, medan resten gjekk over Øyskaret og fekk nydeleg utsikt både ned mot Vassenden og innover mot Helgheim.

For femte gong

Denne pilegrimsvandringa er ein del av dei fire dagane før skulestart som konfirmanntane har som ein introduksjon til konfirmanntåret. Det er femte året at pilegrimsvandringa vert gjennomført. Vandringa går frå Årdalen til Ålhus og er på den måten også ein vennskapstur som bind saman dei to sokna som konfirmanntane høyrer til, Helgheim og Ålhus sokn. Pilegrimar vandrar ofte mot ein gamal heilagstad og slik er det også med denne pilegrimsvandringa. Målet for vandringa er ein av våre gamle heilagstader i Jølster, nemleg Ålhus kyrkje. Samstundes skal vandringa i seg sjølv vere eit mål, med fellesskap langs pilegrimsleia og pausar undervegs der konfirmanntane samlast om song, bibellesing og pilegrimsbøner som skal minne om at naturen også

er ein heilagstad som ber avtrykket til ein heilag Gud og er ein stad der vi kan møte Skaparen.

Tradisjon og symbolikk

Ved starten av turen får konfirmanntane høyre litt om pilegrimsvandring som ein gamal tradisjon og symbolikken ved det som ein pilegrim kler seg i og ber med



Gnagsår bøyrrer med til ein pilegrim sin kvardag.

Ei pilegrimsbøn

Allmechtige, evige Gud, du som har Askapt alle ting, og fyller skaparverket med lovsong: Lat pilegrimsvandringa vår få vera ein del av lovsongen som heile tida stig opp til deg. Saman med tre og blomar, vatn og gjell, fuglar

og dyr vil vi syngja om din stordom. Omgjevne av skaparverket lovprisar vi deg og seier: Gud, du er god! Gjev oss høyrer som også høyrer klagesongen frå ei såra jord, plaga og pint under vår grådige og uforstandige framferd. Gje

oss kraft og mot til å kjempa på livsens side i forsaking, tru og teneste, inntil du gjer alle ting nye ved Jesus Kristus, vår Herre. Amen.

(frå liturgi for pilegrimsvandring i norsk salmebok s. 1332)

seg. Som ekte pilegrimar har konfirmantane sjølvsagt kvar sin pilegrimsstav. Pilegrimsstavane vart laga av konfirmantkullet for tre år sidan og går no i arv frå kull til kull. I gamle tider skulle staven blant anna vere eit vern mot rovdyr, men også minne om at Guds kjærleik er vårt vern mot det vonde. Dette året vart det brakt inn eit nytt perspektiv i denne pilegrimstradisjonen. Konfirmantane fekk eit band som dei kunne feste på staven sin der det sto «Eg er ein klimapilegrim». Vandringa vart på dette året også ei vandring i solidaritet med alle menneske rundt omkring på kloden vår som er på flukt på grunn av klimaendringar og naturkatastrofar.

Open sekk

Det heiter seg at når pilegrimar kler seg med kappa eller jakka si, så skal han eller ho også hugse på å kle seg i kjærleik. Pilegrimen skal alltid vandre med sekken eller veska si open, den skal aldri vere låst. Det er fordi ein pilegrim alltid skal vere klar til å dele av det han ber med seg med andre menneske og han skal også vere klar til å ta imot det andre vil gje. Slik vart det også på denne pilegrimsvandringa. Vandrane fekk både gje og ta imot hjelp. Vatn, niste og plaster vart delt. Dei som trengte det fekk ta imot omsorg frå dei tre foreldra som var med og var gode hjelparar undervegs, og presten fekk hjelp frå både konfirmantar og foreldre med å ta hand om babyen hennar, Engel, som måtte vere med på pilegrimsvandringa.



Ålbuskyrkja var mål for pilegrimsvandringa.

Du som mettar liten fugl



Søndag 12. september fekk 5-åringane gåve i Ålbus kyrkje: Nisteboks med bordvers på. Frå venstre: Theodor Bareksten Vee, Gustav Juklestad Avdem, Vilde Erikstad, Ella Kjørvik Fonn, Tuva Østebo Sandal, Laura Flugekvam, Thea Victoria Helgås Jensen.



Gudsteneste med koronarestriksjonar i Ålbus kyrkje

Tankar kring kviledagen og Gudstenesta

På seks dagar skapte Gud Himmel og jord. Den sjuande dagen kvilte Han. Denne ordninga gav Gud vidare til oss. Seks dagar til arbeid, den sjuande til kvile. Søndagen, kviledagen, er såleis ei gåve til oss frå Gud.

Tekst og foto: KNUT OSVOLL

Seks dagar skal du arbeide, men den sjuande dagen skal du kvile. Dette er eit bod frå Herren. Og Gud lyste kviledagen heilag. Denne dagen skulle ingen arbeide. Seks dagar har Gud gjeve oss til arbeid. Kviledagen har vi fått for både å kvile og for å tene Gud. Denne ordninga var viktig. Du kan lese Guds bod om kviledagen i 5.Mos. kap 5:12-ff. Der vil du nok sjå at vi i våre dagar kanskje tek noke lett på det Gud har pålagt oss. Det kan fort bli til at vi brukar kviledagen til å gjere det vi ikkje fekk tid til i dei seks arbeidsdagane.

Jødane som fekk kviledagen først, kalla han sabbat. Dei feirar den på laurdag. Kviledagen vår er søndag. Vi som kristne, feirar kviledagen på søndag, for det var på denne dagen Jesus stod opp frå dei døde. Søndag skal kropp og sjel kvile, og vi kan tene og takke Gud for alt godt vi har fått. Vi skal også be for dei som ikkje har det så godt.

Vi har så mykje å takke for vi som lever her i Norge. Eg trur vi lever i velsigninga etter dei som levde her før oss. Forfedrane våre har levde etter Gud sine lover i mest tusen år no.

Ja, og etter at foket vårt vart kristna, har kviledagen vore svært viktig. Og høgdepunktet for veka har vore gudstenesta. Og når kroppen fekk kvile var det naturleg å møte opp i gudstenesta, ikkje berre for å høyre preika og prise Gud, men også for å treffe slekt og vener og å frette nytt. Gudstenesta var viktig... På kyrkjebakken fekk ein også gjerne høyre siste nytt. Radio, TV og aviser er nymotens saker som ikkje vart vanleg før i vår tid. Difor var kyrkjebakken viktig som nyheitsformidlar.

I vår tid har dette endra seg mykje. Vi treng ikkje lenger slite oss ut i tungt arbeid i seks dagar før søndagen kjem. Arbeid og slit for føda har vorte mykje lettare no. Ein fjelltur eller ein tur for å sjå ein fotballkamp er for mange betre avkopling og kvile enn det å ta del i ei gudsteneste.

Ja, mange meiner at vi ikkje har bruk for Gud. Det var i gamle dagar at folk måtte be Gud om hjelp. Då måtte dei ofte ha hjelp til så mangt. Dei hadde gjerne for lite mat, eller det var sjukdom som herja.

No greier vi oss greitt sjølve. Nei, vi har eigentleg ikkje så mykje bruk for Gud. No har vi mat og drikke i overflod. På butikken kan vi kjøpe alt vi treng. Og vi har eit godt helsetesen som tek seg av alle sjukdomar og anna elendigheit. Nei, vi klarer oss eigentleg godt sjølve.

Ja, slik tenkjer nok dei fleste i dag. Det er færre som tek del i gudstenestene i vår tid, enn slik det var før.

Men så ser vi at kvar søndag er der mange som møter opp til gudstenesta. Ikkje alle har høve til å kome seg til kyrkje av forskjellige grunnar. Mange sit ved radioapparatet og er med på gudstenesta der. Men stasen er å få ta del i gudstenesta i kyrkja.

I preika som presten held, får vi høyre guds ord, og vi får vere med og prise Gud og takke for alt det gode Han gir oss.

Gudstenestene kan vere forskjellige. Vanlegvis er det positivt å vere deltakar, andre gonger kan det vere litt langdrygt. Slik er det berre. Men ikkje gløym kva du er med på. Du er der for å lovprise Gud og takke for alt det gode han har gjort og gjer for deg. Og !: --Det er ikkje du som er hovudperson. Du er berre deltakar. Korleis du opplevde preika, songen, musikken og alt det andre kan vel i og for seg vere interessant, det kan variere frå gong til gong. Men ikkje gløym kvifor du sit i kyrkjebenken! Hald fokus: Du er her for å prise og takke Gud. Takke for Jesus og den frelsa han har gitt oss. Takke for alt godt vi har fått og be om at Han vernar oss mot alt vondt. Vi har så lett for å sette oss sjølve i sentrum, men hugs; i gudstenesta er det Gud som er i sentrum. Du er deltakarar!

Vêr og vêrteikn – Frå det naudsynte til funderingar

Tekst HILDEGUNN HUUS
Foto HALLSTEIN DVERGSDAL

I dag har vi yr og storm og andre som melder kva vær vi får frå time til time. Før var det ikkje slik. Ein måtte lære seg å kjenne teikn i naturen for å finne ut kva vær ein fekk både på lang og kort sikt.

Vi held på å legge bak oss ein lang og fin sommar. Kan hende den finaste sommaren eg kan hugse å ha opplevd, når vi ser på både lite nedbør, varme og lengde.

Tid for ettertanke

Etter ein slik sommar er det tid for å fundere, om vêrteikn eg har høyrte og lese om. Korleis har dei stemt eller ikkje stemt. I det som eg skriv tek eg med nokre teikn som eg har høyrte om som eg meiner er hald i enno, og andre som eg ikkje får til å stemme.

Eit teikn som eg har fått stadfesta denne sommaren som stemmer er at når det er lite sniglar å sjå er og blir det tørt vêr. Eg har kompost og der trivst svartsnigelen så den er det ein del av dei når det er vanleg, eller fuktig sommar. Men i år har eg mest ikkje sett ein svartsnigel, heller ikkje mykje av dei små grå.

Svale og gauk

Det er og eit anna teikn som stemmer på ein prikk og det er det om at når svala fyk lågt vert det styggevêr (ei svale gjer ingen sommar). I sommar har eg nesten ikkje sett svale fyke. Det blir også sagt at om gauken kjem nær busetnaden og gjel, varslar han regn, og det meiner eg også stemmer bra med denne sommaren.

Eit anna teikn som eg har fundert mykje på fleire somrar, er reirbygginga til ymse fuglar, og eg har ikkje funne heilt ut av det. Det blir sagt at når fuglane som bygger reir i mur, bygger reiret lågt ned i muren vert det ein varm sommar. Fuglen vil nemleg nyttiggjere seg av den kulden som kjem frå jorda som ligg i skugge. Dette teiknet har i alle fall ikkje alle fuglar skjont eller så stemmer det ikkje. Eg har mange murar rundt huset og dei reira eg har observert i sommar ligg heilt opp i øvste steinrada i murane. For fuglane som byggjer



Det er mykje rognebær i år og rognen skal ikkje bere to borrar, heiter det. Det skulle tyde på lite snø til vinteren..eller?

reir i tre heiter det at det vert tørt sommar om dei byggjer reiret høgt i treet og dårleg sommar om dei byggjer lågt i treet, for dei vil ikkje ha drope i reiret

Skinande gullring

Så heiter det at om gullringen er blank og fin utan å vere pussa vert det fint vær, det har stemt i sommar. Like så har det stemt at om vatnet lagar søljer (små bobler i overflata) vert det fint vær og det har eg og observert stemmer.

Eit teikn som mamma snakka mykje om då eg var med henne og henta kyrne på beite og mjølka, var dette: Er det mykje mjølkefro (fro = skum) i silen etter avslutta mjølking, blir det fint vêr, er det lite tyder det styggevêr. Eg veit ikkje om dette er råd å kontrollere no med moderne mjølkeutstyr.

Lyden av elva

Det er fleire som har lyden frå elvar som vêrteikn. Mæl ei elv

frå aust vert det godt vêr, mæl ei elv frå vest vert det regn.

Skogen varslar og vêret. Snur skogen lauvet når det blæs vert det vær omslag og då helst til det dårlege.

Så vil eg ta med eit vêrteikn som sauebøndene må kunne svare på no i haust. Har sauen mykje underull om våren vert sommaren kald og har den mykje underull om hausten vert vinteren kald.

Så er det isen på Jølstravatnet. Bles isen av vatnet mot vest er det teikn på god sommar og utførsel av varer, skjer det motsette vert det dårleg sommar og import.

Det er mange vêrteikn, her er berre teke med nokre. Er de gode på vêrteikn så lat oss gjerne høyre om dei. Kunnskapen bør ikkje gå heilt i gløymeboka. Så oppmodar eg dykk alle til å sjå på rognen i haust og gjette på kva vinter vi får. I år er det mykje rognebær.

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte, om du tyk-

kjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom det er veldig langt. Så er

det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt

Denne gongen er det CONNIE HAMRE som presenterer eit dikt ho er glad i.



Connie Hamre har valt seg eit dikt om verdien av å ha eit ope sinn.

Hans Børli vaks på husmannsplassen Oppistuen i Børli i Eidskog kommune. Han eg er gift med kjem frå det same området, og vi budde der i fem år før vi flytte vestover i 1983.

Hans Børli vaks på husmannsplassen Oppistuen i Børli i Eidskog kommune. Han eg er gift med kjem frå det same området, og vi budde der i fem år før vi flytte vestover i 1983. Det

var i desse åra eg først vart kjend med Børli si dikting, og dikta hans har fylgt meg sidan. Mange av dikta hans er det og sett melodi til.

Diktet eg har valt ser eg som

ei viktig påminning om å prøve å ha eit ope sinn og å ta lærdom av motgang utan å bli bitter. Eg les det og som ei åtvaring mot stereotypi og frykt for det som til dømes er nytt og framandt.



Hold sinnet ditt mjukt!

– Hold sinnet ditt mjukt,
sier en stemme i vinden.
– La det ikke stivne
av år og alder. Smør det
med dagens gule soltalg,
dynk det med dogg fra en blomsterkalk,
garv det i motgangs bitre saltlake.
Hold sinnet ditt vart og villig
Som greina i brisen:
en hvileplass for fugler
med vingen blå av himmelduft.

Hans Børli

Kyrkjeskys

Treng du skys til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874
Knut Osvoll tlf. 911 90 709
Turid Høyvik tlf. 472 48 832
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552
Bjørg Dvergsdal tlf. 476 66 812



Krukker og glas vart fylte med velsmakande og solmodna bær og frukt denne hausten.

Dei sju gode og dei sju magre åra

Det er tid for hausting både av det vi har dyrka, og det som veks vilt i skog og mark. Og ein skulle tru at med ein så tørr sommar vart det lite av det meste.

Tekst og foto HILDEGUNN HUUS

Men eg opplever det ikkje slik når eg no driv med hausting. Må likevel innrømme at det som står i hagen har eg hjelpt litt på veg med vatning utover det som er normalt, men så har eg fått monaleg igjen av alt.

Store avlingar

Når ein så skal prøve å nyttiggjere seg av det ein har hausta, så er det at det dukkar opp i hovudet det som står i bibelen om dei sju gode og dei sju magre åra.

For det er freistande å tenke at ein ikkje har bruk for alt, så det krev minst arbeid å hive resten. Men kva med neste år då, og kva er dei globale utsiktene for framtida?

I år har frukttre bogna, bærtrea har vor fulle av bær, viltveksande bær av alle typar har lyst over det meste, og potet og grøn-sak åker har gjeve store og fine vekstar. Og så få vi plutseleg så passe med regn at også sopphausten ser ut til å bli bra.

Erter redda liv

Sjølv om eg meiner eg er flink til å ta vare på det eg haustar, må eg i år late att auga og gå forbi både bær og sopp, og late nok av det eg har i hagen gå i kompostbingen. Og noko har eg gjeve vekk til dei som ville ha.

Eg har fått sa mange assosiasjonar når eg har drive og hausta. Her ein dag stod eg og renska erter. Ei heil vassbytte hadde eg, og medan eg stod der kom eg til å tenke på at til og med erter har vore med og redda liv. I konsentrasjonsleirane fekk nokre av fangane vere med og renske erter, det meinte dei redda livet deira. Det å ete erter på nesten tom mage var ikkje så lurt, men det vart gjort og gav litt ekstra næring til ein utarma kropp.

Potetene var viktige

Så har eg lese litt av historia vår. Det har ikkje alltid vore slik det er i dag, at vi kan kjøpe mat når vi vil. Det har i periodar vore små kår

og spesielt dårleg var det for dei som hadde lite jord.

Då eg tok poteter og fann poteter som var store og fine og i bra mengde kom det fram i hovudet ei historie eg hadde lese om ein husmann som hadde planta 200 poteter eit år, og var heldig og fekk bra avling. Når avlinga var kommen i hus sa han til kona, i år har vi i alle fall potet på julekvelden.

Dei som har lese bøkene til Edvar Hoem om utvandringa til Amerika kunne der og lese om kor viktige potetene har vore for overleving i dårlege år.

Så til oss alle, lat oss vere takksame for dei gode åra, dei hjelper oss ofte over dei magre om vi gjer det vi kan.





Anne Helene Eide likar å skrive dikt og er ofte på Vassenden kyrkjesenter for å framføre dei.

Anne Helene har dikt som hobby

Anne Helene Eide (58) har skrive over 100 dikt. Eitt av dei får du lese her. Diktet er også framført under ei tidebøn på Vassenden kyrkjesenter. Anne Helen er elles ein flittig gjest på desse tidebønene.

Tekst og foto HALLSTEIN DVERGSDAL

Diktet som står på trykk her handlar om årstida vi nett er ferdig med og det handlar om sjø, svaberg, måker og ei fiskestang. Det er slike kvardagslege ting Anne Helene helst skriv om.

Kristent preg

Dei fleste tysdagar er Anne Helene på plass når det er tidebøn i kyrkja på Vassenden og kvar gong les ho to dikt, enten nyskrivne eller frå samlinga.

– Eg byrja å skrive dikt rundt 2006 og dikta mine har i stor grad eit kristent preg, fortel Anne Helen som legg til at ho hadde ein flink norsklærer på førskulelærerutdanninga og at det var eit årsmøte i Mental helsete som utløyste skrivinga.

– Det starta med at eg fekk på trykk eit dikt i medlemsbladet til Revmatikarforbundet, «Giktspresen» Då hadde eg ikkje skrive dikt sidan eg gjekk på ungdomsskulen.

Radiogudsteneste

Anne Helen Eide fortel at ho ofte høyrer på radiogudstenesta søndagane, men er også i kyrkja av og til. Vi får også høyre at Anne Helen har ein viss teologisk bakgrunn med opphald både på bibelskule, teologisk høgskule i regi av misjonsforbundet og folkehøgskule. Ho påstår at ho er stille og

beskjeden av natur, men at ho likar å stå framfor forsamlingar. Elles kan vi fortelje at Anne Helene er fødd og oppvaksen på Sandane, men kom til Jølster i 1988 der ho har budd fleire plassar. For to år sidan fekk ho bustad på omsorgsenteret på Vassenden og der bur ho no. Når det gjeld dikta, så får vi høyre at dei stort ikkje er planlagde.

– Eg berre set meg ned og skriv.

– Du har tidlegare sagt at det kan bli bok av dikta dine, er det framleis aktuelt?

Ja, det kan det vere, svarar Anne Helen og fortel at favoritt diktet heiter «Fred og fridom» og at det handlar om trældom og åk. Vi tek med eit par setningar frå diktet.

– Eg vil ha fred og fridom. Eg vil ikkje vere bunden til klokkeslett, mas og kav.



TORSDAGSKLUBBEN

på Skei, oppstart
torsdag 23. september.

SKEI MISJONSHUS

annankvar torsdag
kl. 17.30 – 18.45

Frå 4 år og oppover
Bibelforteljing, song, leik og
formingsaktivitet - frukt og grønt

KONSERT I HELGHEIM KYRKJE

Torsdag 9. desember klokka 20:00

med STARDALEN MANSKOR

«Lys til nattsvart jord»

Det er sommar

Av Anne Helen Eide

Svaberg, måker og ei fiskestang
Er alt eg treng i dag.
Eg går ved vannkanten og tenker
på alt og ingen verdens ting.
Berre eit svaberg, nokre måker og
sjølsagt fiskestanga.

Langt til havs seglar ein seglbåt.
Det hadde vore fint med ein tur,
ikkje det, eg har no aldri prøvd det.
For min verden handlar om eit
svaberg, måker og ei fiskestang.

Eg bøyer meg ned og tek opp
noko som røyter på seg, eg ser at
det er ein liten krabbe. Ein liten
krabbe som krabbar på handa mi.
Eg blir ståande og ser på
eit lite under av ein skapnad.

Eg legg meg ned i graset, puttar
eit strå i munnen og ser opp på himmelen.
Takk kjære Gud, tenker eg.
Takk for svaberget, måkene og
fiskestanga og alt det andre du har skapt
for at vi skal ha det godt.

Ny, ung klokkar i Ålhus



Stine Kjos Sunde er ny klokkar i Ålhus.

For to månader sidan vart Stina Kjos Sunde
tilsett som klokkar i Ålhus sokn. Ho tok over
etter ein annan ungdom, Amalie Birkeland

Tekst og foto HALLSTEIN DVERGSDAL

– Dei trengde klokkar og det er kjekt å
hjelpe til, smiler Stina som vi møter etter
gudsteneste i Ålhuskyrkja.

– Kosar meg

Stina fortel at ho har jobba som frivillig i
kyrkja sidan konfirmasjonen og at ho no
går første året på dans på Firda vidaregå-
ande skule på Sandane.

– Det er kjekt å vere klokkar, og eg ko-
sar meg, seier den unge klokparen som
har to kyrkjer å arbeide i og dermed er
mange søndagsføremiddagar oppteke.

– Det går heilt fint for dei eg brukar
å vere i lag med er ikkje så tidleg oppe i
helgane, så det som skjer av aktivitet med
vener, blir stort sett på ettermiddagane.

To år

Stina fortel at ho har kontrakt på to år og
at ho ikkje ser nokon grunn til å slutte
før den tid.

– Er du kommen inn i jobben etter to
månader?



Amalie Birkeland blir takka for innsatsen som klokkar.

– Ja, det går stort sett fint. Eg var med
på min andre nattverd i dag, men der er
eg ikkje kommen heilt inn i reglane enno,
men det kjem etter kvart. Elles blir alt my-
kje enklare no når koronarestriksjonane
er borte, konstaterer klokparen som får
følgjande attest frå han som var prest den-
ne søndagen, Runar Matsui Li:

– Ho er veldig flink

Elles ønskjer kyrkjelyden å takke Ama-
lie Birkeland for den jobben ho har utført
den tida ho har vore klokkar.

Bingo er populært på omsorgssentera

Både på Skei og Vassenden er det enkle tilbod til bebuarar på omsorgssenteret og dei som bur i omsorgsbustadane, og dette tilbodet er det frivillige som står bak. På Skei er det Bingo kvar torsdag i vinterhalvåret som strekker seg frå september til mai/juni

Tekst HILDEGUNN HUUS

Det er ikkje så mange timar for veka det er snakk om, men det

er eit lite tilbod for å skape møtepunkt for dei som vil.

Variert underhaldning

Dei som vil være med møter opp mellom kl. 10.00 og 10.30. Dei får servert kaffi, får prate med kvarandre og dei frivillige som er der. Av og til stiller nokon opp med underhaldning eller enkel trim før eller etter sjølve bingoen. Underhaldning

kan vere musikk, diktlesing eller historieforteljning. Det er fantasien som set grenser, og kva krefter ein har å ta av.

Det blir ca. ein time bingo med enkle gevinstar, men det er ikkje mindre spennande for det. Nokre er veldig engasjerte, noko som skapar moro for alle. Den som har ansvar for kulene må vere på vakt så det ikkje vert feil, for det er ein vaken gjeng

vi har med å gjere. Vi sluttar av med felles middag og prat og opplegget varar til ca. kl. 13.30.

På Skei er vi ca. 20 frivillige som deler på å vere med. Vi er tre – fire frivillige kvar gong, så det vert ikkje så mange gonger på kvar.



Marta Fimreite (nr 2 f.b.) er bingostyrar på Vassenden

Fredagskaffi på Vassenden omsorgssenter

Kvar fredag frå kl 10.30 til 12.30 er fire damer i sving med å lage ei triveleg stund på omsorgssenteret. Bord blir dekkja, kaffi kokt og sveler, bollar eller vaflar kjem på bordet.

Tekst og foto BJØRG DVERGSDAL

Bebuarar på omsorgssenteret og nokre heimbuande kjem og vil vere med. Praten går fint, vitsane sit laust, låtten likeeins. Det blir

opplesing av ymse slag, dikt, historier eller gåter.

Trekkspel og trim

Av og til vert det litt bøy og tøy for å trimme musklar. Når humørspreiaren Olav Grimsbø tek trekkspelet på fanget, er det tid for allsang. Og så er det bingo, for det MÅ dei ha.

Sidan dei fleste i målgruppa er fullvaksi-

nerte, har dei kunna møtest kvar fredag.

Fire grupper deler på å vere vertskap fredagane. Tenesta er tilrettelagt av frivillig-tenesta i Sunnfjord kommune, og jølstradamene stiller på med positivitet og humør. Det verkar som dette er ei triveleg økt for alle som er til stades.

Konfirmantar i Helgheim sokn



Bak frå venstre: Simen Lidvarson Sunde, Jakob Royseth Forde, Julian Kjosnes Eriksson og Erik Befring. Framme frå venstre: Martine Jamaris Jamaris Huus, Tuva Tefre Kalstad, Ida Berntsen Espedal og konfirmantprest Carsten Langeland. Foto: Foto Helle.

Konfirmantar i Ålhus sokn



Bak frå venstre: Bertine Hansen Hårklau, Carina Vasstein Didriksen, Kjetil Helgheim Torpe, Sander Kjeilen Johnsen, Emil Klævold Kjempenes, Ruben Gravdal Nedrebo, Kim Kaysamrong Vadseth, Sigbjørn Aleksander Nergård Fluge, Olai Sele Marifjæren, Martinius Årdal Øvrebo, Viljar Smaadal, Engel Eikås Tansøy, Andrea Akse Kjode og konfirmantprest Carsten Langeland. Framme frå venstre: Leah Emilie Kusslid Fugle, Elmar Kristian Gjesdal, Isak Stofring, Sigmund Hoyvik, Amalie Varpe Gjesdal, Sanna Iren Fanebust, Tilla Enebakk og Linnea Bergset Svalheim. Foto: Foto Helle.



Utegudstenesta ved Helgheimskyrkja 1. påskedag vart den første etter nedstenginga i mars og den første utegudstenesta i fjor.

Koronaen prega livet i kyrkjene i fjor

Årsmeldingane frå dei to sokna i Jølster syner at koronapandemien sette sitt preg på fjopråret også i kyrkja. Frå 15 mars, då den nasjonale nedstenginga starta, og fram til og med 17. mai var det ikkje aktivitet i kyrkjeromma.

Tekst og foto HALLSTEIN DVERGSDAL

Dette gjorde til at mange aktivitetar vart utsette eller avlyste. Slik var det til dømes med samtalegudstenestene med konfirmanntane og konfirmasjonane vart utsette til hausten.

Nettet vart eit alternativ

Som kompensasjon for manglande gudstenester vart det arrangert, tidebøner, minigudstenester og salmesong på nettsidene til Kyrkja i Jølster og på Kyrkja sine Facebooksider. Det var kantor Rune Molvik som sto for filming, musikk og redigering, medan prestane sto for liturgi, song og tekstlesing.

Etter at det vart opna opp att litt, kunne det først berre vere 50 menneske på gudstenester, men etter kvart vart det 200, men i praksis mindre sidan storleiken på kyrkjene og smittevernreglar sette begrensingar. Seinare på hausten var talet nede att i 50.

– Trass i eit uvanleg år har vi fått gjennomført mykje av det vi hadde planlagt i løpet av hausten, både av gudstenester og tidebøner. Soknerådsmedlemmene har stilt enda oftare opp som kyrkjevertar ved gudstenester, slik at dei har vore to kvar gong. Dette har gjort at vi har kunna fylgje opp smittevernreglane på ei trygg og god måte. Konfirmanntmedhjelparar har også vore til god hjelp her. Kyrkjekaffi har vi hatt i periodar, og då har det vore soknerådsmedlemmene som har stilt opp og sytt for at dette har vore gjort på ein forsvarleg måte med omsyn til smittevern, kan vi lese ut av årsmeldingane.

Samarbeid over soknegrensar

Dei to sokneråda samarbeider godt og har handsama 45 saker i felles møte. Kvar for seg har Ålhus sokneråd handsama 42 saker og Helgheim 28.

I Helgheim vart det arrangert drive in gudstenester 1. påskedag og 17. mai. Vidare var det digital fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp, dugnad på vatningsanlegg, vedlikehald i og omkring kyrkja, oppsetting av nytt smigjernsgjerde, og ferdigstilling av ny parkeringsplass. Det kom også på plass nye benkar på kyrkjegarden og det vart arbeidd med utsmykking av kyrkja i form av bilettev, gjort mogeleg med hjelp av gåvemedlar. Vi kan også nemne at soknet har venskapskyrkjelyd i Tjekkia i lag med Ålhus sokn. Dei to sokna har også eit felles misjonsprosjekt i India.

Frå Ålhus sokneråd si årsmelding kan vi lese at dei har hatt soknemøte om ny liturgi, har laga plan for smittevern og gudstenes-



Den tradisjonelle påskeplasken for konfirmantane vart det ikkje noko av, men dei prestane og soknerådsaleiar Astrid aardalsbakke Feldt kata seg ut i vatnet.

teplan, det same har dei gjort i Helgheim, Ved Vassenden kyrkjesenter er det komme på plass ein ny benk på kyrkjegarden som resultat av minnegåve. Kyrkja på Vassenden har også skifta status frå stifting til foreining og vedtekter er komme på plass.

Stor aktivitet

Utanom gudstenestene har det vore stor aktivitet innan barne- og ungdomsarbeid og trusopplæring. Det har vore søndagskule, torsdagsklubb, skulegudstenester og mykje anna. Grunna pandemien vart det ikkje vanlege samtalegudstenester med konfirmantane, men ein til ein samtale. Alle konfirmantane i begge sokna var samla til introkurs over fire dagar, avslutta med pilegrimsvandring over fjellet mellom Årdalen og Ålhus. Elles kan det nemnast at det har vore lysmesser i begge sokna, bokutdeling til seksåringar, haustetakkefest for femåringar og «trygg til natta» gudsteneste for to og tre åringar.

– Trusopplæringsutvalet, trusopplærar, soknerådsmedlemmer, prestar, kantor, føresette, besteforeldre og frivillige har teke

del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet, kan vi lese i årsmeldingane.

Kreativitet

Pandemien skapte mange utfordringar for Kyrkja sitt arbeid i fjor, men førde også til kreativitet og improvisasjon. Dette kom spesielt godt til syne ved alle utegudstenestene, ved kyrkje på Helgheim, ved Jølstraholmen, i Sanddalen, på Kjosnes og Dvergsdalsdalen i tillegg til på støylar og fjell.

Elles opplyser årsmeldingane om stabil, god oppslutning om konfirmasjonen. Talet på deltakarar ved gudstenester har naturleg nok gått ned, grunna pandemien. Flest gudstenedeltakarar hadde Ålhus sokn. Der var det også flest konfirmerte medan Helgheim hadde flest døypte.

Alt i alt må vi kunne seie at dei to sokneråda har takla koronaåret på beste måte og har klart å skape aktivitet langt utover det vi kan forvente i ein vanskeleg situasjon. No er det grunn til å glede seg over at det andre koronaåret går mot slutten og at samfunnet er komme meir eller mindre tilbake til normalen.

Andakter

VASSENDEN
OMSORGSSENTER



Klokka 14:00 desse tysdagane:

- 24.august
- 21.september
- 19.oktober
- 16.november
- 21.desember

Vel møtt!

Helsing fung.sokneprest
Reidar Knapstad og
organist Rune Molvik

Andakter

I STOVA
PÅ SKEI
OMSORGSSENTER



- Tysdag 24.august
- Tysdag 21.september
- Tysdag 19.oktober
- Tysdag 16.november
- Tysdag 21.desember

ALLE STARTAR KLOKKA 16.15

Vel møtt!

Helsing fung.sokneprest
Reidar Knapstad og
organist Rune Molvik

Babysong

annankvar måndag
på Vassenden kyrkjesenter



4. oktober, 18.oktober,
1. november, 15. november,
29. november, 3. desember

TIDEBØN


VASSENDEN KYRKJESENTER

Ei stille stund med rom for ro og ettertanke.

Kvar tysdag er det Tidebøn kl.11:00

Unntak: Når det er gravferd.



SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI
Måndag–fredag: 8–21
Laurdag: 9–18

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
VESTLAND GRUPPEN
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat TUNET
- kurs og oppleving

Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

BOSCH Service **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

Eikås Frisør
EVA AARSETH
Tlf. 57 72 75 88

Br.S Å&Ø **Åsen & Øvrelid as**
Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde AS
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



ALF HELGHEIM & CO AS
6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK



ROALD SUNDE
Maskinentreprenør – Sentral godkjenning
Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibus

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22.40.00.40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Kyrkja er vår heim



OKTOBER

19. søndag i treeiningstida – Søndag 03.10
HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Familiegudsteneste med dåp, utdeling av 4 års bok
VASSENDEN KYRKJESENTER kl.14:00
Familiegudsteneste, utdeling av 4 års bok

21. søndag i treeiningstida – Søndag 17.10
ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
Gudsteneste med dåp og nattverd

22. søndag i treeiningstida -Søndag 24.10
HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Familiegudsteneste med dåp, utdeling av 6-års bok

Bots-og bededag – Søndag 31.10
Helgheim kyrkje kl.17:00
Trygg i natta gudsteneste invitasjon til
2 og 3 åringer i Jølster

NOVEMBER

Helgemessesøndag 07.11
ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
HELGHEIM KYRKJE kl.14:00
Minnegudstenester, nattverd
Vi minner dei som er gravlagde sidan sist Helgemesse.

25. søndag i treeiningstida – Søndag 14.11
VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00
Gudsteneste med nattverd

1.søndag i adventstida – 28.11
ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
Familiegudsteneste med utdeling av 6-årsboka
Helgheim kyrkje kl.20:00 lysmesse, konfirmantar og speidarar deltek.

DESEMBER

2.søndag i adventstida – 05.12.
FØRDE GRENDHAUS kl.11:00 Adventsgudsteneste

3.søndag i adventstida – 12.12.
ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
Adventsgudsteneste med nattverd

4.søndag i adventstida – 19.12
HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Adventsgudsteneste med nattverd

DESEMBER – framhald

Adventsgudsteneste med nattverd
Julaftan 24.12
HELGHEIM KYRKJE kl.14:00
Julaftangudsteneste -Familiegudsteneste
VASSENDEN KYRKJESENTER kl.16:00
Julaftangudsteneste -Familiegudsteneste

Juledag 25.12
ÅLHUS KYRKJE kl.12:00
Høgtidsgudsteneste

2.juledag 26.12
HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Gudsteneste med nattverd

Nyårsaftan
ÅLHUS KYRKJE kl. 23:15
Midnattsgudsteneste

Det kan bli endringar i gudstenestelista, følg med i laurdags Firda og Facebook/heimeside.

Gravlagde



ÅLHUS SOKN
Ålhus kyrkje
24.06.21 Olav Andreas Bøe
03.09.21 Erling Hegrenes
24.09.21 Magnhild Berg

Vassenden kyrkjesenter
16.07.21 Georg Fluge
23.07.21 Arne Borren
13.08.21 Johanna Eikås
27.08.21 Solveig Schei

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje
28.07.21 Lars Are Svoldal
28.07.21 Solveig Aaland
19.08.21 Audun Sandal
31.08.21 Torleiv Stenestø
10.09.21 Anne Huus
17.09.21 Oddny Helgheim

Døypete



ÅLHUS SOKN
Ålhus kyrkje
26.06. Malvin Johan Barlund
04.07 Emma Sofie Lillemo
04.07 Knut Bakketun Osvoll
15.08 Ruben Årseth Trippestad
26.09 Josefine Vik Heggertveit

Vassenden kyrkjesenter
20.06 Maia Isabell Gryttingslien
20.06 Iver Sund Gryttingslien
20.06 Sigrun Elise Nytingnes Daniel
20.06 Viljar Flaten Årdal
04.07 Alva Kjasnes Hatlevoll
25.07 Edvard Os
25.07 Engel Sørøbø
05.09 Iris Andersen Fluge

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje
18.07 Mille Fuglestrand Ripe
18.07 Vilde Borch-Åmot
18.07 Kristian Helmen Storevik
22.08 Anna Fluge Varåystrand

Vigde



ÅLHUS SOKN
Ålhus kyrkje
24.07.21 Silje Sørøbø og Erlend Os
31.07.21 Reidun Kvammen og
Steven Myklebust Ekroll
21.08.21 Mona Kristin Fiskerstrand og
Tor-Egil Risnes Gjelsvik

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje
10.07.21 Ingrid Friberg og Adrian Hoffman
10.07.21 Øystein Veiteberg Eide og Fredrik Stige
21.08.21 Cecilie Solvang og
Roar Gjølringbø Klakegg

50-årskonfirmantar i Helgheim sokn



Framme f.v.: Åge Sunde, Kjell Dvergsdal, Øystein Årdal, Fugerande sokneprest Reidar Knapstad, Anne Sognesand Vivelid og Oddvar Sognesand. Bak f.v.: Johannes Fossheim, Helge Dvergsdal, Magne Reidar Forde og Ståle Fossheim. Begge foto Hallstein Dvergsdal.

50-års konfirmantar i Ålhus sokn



Framme f.v.: Else Karin Botnen Kleppe, Marit Svidal Samland, og Halldis Botnen. 2. rekke f.v.: Evelyn Norveig Fossheim, Aludis Maria Barlund Foleide, Toril Årdal erdal og Jorun Eikås. 3.rekke f.v.: Bjarne Mjølkeråen og Inge Nedrebo. Bak f.v.: Leiv Gjesdal, Erling Berg og Egil Hjelmbrekke.